

Opplæringslovutvalet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
17/520-1/KJA

Dato
26.09.2017

Innspel frå Språkrådet om innføring av språklege rettar etter mønster frå mållova i ny opplæringslov

Språkrådet har merka seg at regjeringa 22. september 2017 nemnde opp eit offentleg lovutval som m.a. skal levera eit framlegg til ny opplæringslov, med frist 1. desember 2019.

Om Språkrådet

Språkrådet er statens fagorgan i språksaker og har ansvar for å følgja opp den språkpolitikken som Stortinget har slutta seg til, jf. St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* og Innst. S. nr. 184 (2008–2009). Det overordna målet for språkpolitikken er å sikra posisjonen for norsk språk, både bokmål og nynorsk, som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg.

Prinsippet om jamstilling mellom bokmål og nynorsk

I *Mål og mening* (s. 195) er det slått fast at det generelle arbeidet med å styrkja norsk språk like mykje dreier seg om å sikra grunnlaget for det nynorske skriftspråket som å styrkja norsk språk generelt i møte med særleg engelsk språk. Dette har Kulturdepartementet seinast stadfesta i § 1 første ledd i *vedtekter for Språkrådet* frå 6. april 2017:

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og skal særleg arbeida med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid og å forvalta dei to offisielle norske språknormene. Språkstyrkingsarbeidet omfattar både norsk språk generelt og den nynorske språkforma spesielt.

I Innst. S. nr. 184 (2008–2009) uttalte eit breitt fleirtal i familie- og kulturkomiteen følgjande på s. 42:

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Fremskrittspartiet, deler oppfatninga i meldinga om at nynorsk er formelt likestilt, men reelt diskriminert, og meiner det er avgjerande å sikre grunnlaget for nynorsk skriftkultur og nynorsken sin posisjon i det norske språksamfunnet meir allment. Fleirtalet viser til at det er brei politisk semje om at det er naudsynt med ei aktiv støtte for nynorsken.

Mållova som jamstillingsmekanisme

I offentleg forvaltning er det *lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste* (mållova) som er den viktigaste mekanismen for å gjennomføra prinsippet om jamstilling mellom bokmål og nynorsk. Lova slår for det første fast at bokmål og nynorsk er jamstilte målformer i all offentleg forvaltning.



Vidare inneheld lova konkrete reglar for bruk av målformene for statleg forvaltning, men ikkje for kommunar og fylkeskommunar.

Innanfor utdanningssektoren gjeld mållova for statlege universitet og høgskular, i kraft av at dei er forvaltningsorgan. Paragraf 6 første ledd andre punktum sikrar at studentar kan krevja vitnemål, karakterutskrifter o.l. i si eiga målform: «Frå statsorgan kan private rettssubjekt krevje ei viss målform i alle løyve, faste formularar o.l. som direkte gjeld dei sjølve.». I § 2 andre ledd er det presisert at «i undervisningsverksemd [...] gjeld lova berre den administrative delen av verksemda». Mållova er vidare supplert med *forskrift 7. juli 1987 nr. 4148 om målform i eksamensoppgåver*, som slår fast at eksamenar på statlege lærestader som er gjevne på norsk, som hovudregel skal liggje føre i begge målformer.

For grunnskular og vidaregåande skular, som er underlagd opplæringslova og friskolelova (for frittstående skolars del), gjeld derimot ikkje dei konkrete målbruksreglane i mållova, ettersom skulane er kommunale, fylkeskommunale eller private.

Opplæringslova som ei sentral språklov

Jamvel om det ikkje er føremålet med opplæringslova, er ho i praksis likevel ei sentral språklov. Ho regulerer m.a. val av bokmål eller nynorsk som hovudmål for grunnskulekrinsar (§ 2-5 første ledd), rett til elevgrupper med eit anna hovudmål enn det som er vedteke for skulekrinsen (§ 2-5 fjerde ledd), at elevane skal ha opplæring i begge målformer (§ 2-5 sjetten ledd) og tilgang til lærebøker og andre læremiddel i begge målformer til same tid og pris (§ 9-4 første ledd). I *forskrift til opplæringslova* finn ein meir detaljert regulering av desse føresegnene.

Det verken opplæringslova eller forskrifta til henne inneheld, er reglar som sikrar alle som mottek opplæring etter opplæringslova (elevar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og lære kandidat; heretter omtalt som *elevar*), ein rett til å få visse viktige dokument i deira eiga målform. Vi tenkjer særleg på

- 1) ein rett til å få både sentralt og lokalt gjevne eksamensoppgåver i si eiga målform
- 2) ein rett til å få vitnemål, kompetansebevis, fagbrev, sveinebrev o.l. i si eiga målform

Slik Språkrådet oppfattar reglane i dag, fell sentralt gjevne eksamenar som er gjevne av Utdanningsdirektoratet inn under reglane i mållova, men ikkje dei andre nemnde tekstkategoriane.

Innspel frå Språkrådet til opplæringslovutvalet

Språkrådet bed utvalet vurdere å ta inn føresegner i utkastet til ny opplæringslov som sikrar elevar rett til eksamensoppgåver og vitnemål m.m. i deira eiga målform, slik mållova sikrar det same for studentar ved statlege universitet og høgskular. Vi minner om at slike språklege rettar òg bør gjerast gjeldande for elevar ved frittstående skular.

For Språkrådet kan det verka som om det er eit utilsikta hol i jamstillingsregelverket at opplæringslova og anna regelverk på feltet ikkje sikrar elevane desse rettane. Språkrådet svarer gjerne på eventuelle spørsmål og kan stilla opp med praktisk hjelp dersom utvalet ønskjer det.

Høyring om ny fagskulelov

Språkrådet har merka seg at Kunnskapsdepartementet har sendt framlegg til ny fagskulelov ut på høyring, jf. høyringsbrev dagsett 28. juni 2017. Språkrådet kjem til å senda ei eiga høyringsfråsegn som må sjåast i samanheng med dette innspellet til opplæringslovutvalet.

Venleg helsing

Kristin Solbjør
seksjonssjef

Kjetil Aasen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Opplæringslovutvalet

v/Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep 0032

OSLO